



FISKERIDIREKTORATET

Strandgaten 229, Postboks 185, 5002 BERGEN

Telex 42 151 • Telefax 55 23 80 90 • Tlf. 55 23 80 00

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J-90-98

(J-32-97 UTGÅR)

Bergen, 27.5.1998
EHB/IMS

FORSKRIFT OM ENDRING AV FORSKRIFT AV 6. FEBRUAR 1997 OM
SAMANSLÅINGSREGIONAR INNANFOR EININGSKVOTEORDNINGA FOR
TORSKETRÅLARFLÅTEN

Fiskeridepartementet har den 15. mai 1998, med heimel i forskrift av 11. oktober 1996 om einingskvoteordning for torsketrålarflåten § 6 andre ledet, bestemt:

I

I forskrift av 6. februar 1997 om samanslåingsregionar innanfor einingskvoteordninga for torsketrålarflåten skal følgjande endring gjerast:

§ 1 andre ledet (ny) skal lyde:

Fiskeridepartementet kan i særlege høve tillate samanslåing mellom regionane nemnt i første ledet. Det skal leggjast vekt på om slik samanslåing vil vere i samsvar med ei rimeleg regional fordeling av flåten og råstoffstrøngen til landindustrien i dei aktuelle distrikta.

II

Denne forskrifta trer i kraft straks.



Forskrifta lyder etter dette:

FORSKRIFT OM SAMANSLÅINGSREGIONAR INNANFOR EININGSKVOTEORDNINGA FOR TORSKETRÅLARFLÅTEN

Med heimel i forskrift av 11. oktober 1996 om einingskvoteordning for torsketrålarflåten § 6 andre leden har Fiskeridepartementet den 6. februar 1997 fastsatt følgjande forskrift, med endring 15. mai 1998:

§ 1

Tildeling av einingskvote for reiarlag med fartøy i gruppene nemnt i forskrift av 11. oktober 1996 om einingskvoteordning for torsketrålarflåten § 4 første leden bokstav b og c kan skje når det uttatte og det attverande fartøy er heimehøyrande i anten:

1. Nordland sør for Vesterålen og Lofoten
2. Vesterålen
3. Lofoten
4. Troms
5. Vest-Finnmark
6. Aust-Finnmark

Fiskeridepartementet kan i særlege høve tillate samanslåing mellom regionane nemnt i første leden. Det skal leggjast vekt på om slik samanslåing vil vere i samsvar med ei rimeleg regional fordeling av flåten og råstofftrongen til landindustrien i dei aktuelle distrikta.

§ 2

Denne forskriften trer i kraft straks.

.....